



Vi har lenge hatt planer om å arrangere vinter OL her i barnehagen, men snøen har latt vente på seg, så no måtte vi tenke nytt. Derfor bestemte vi oss for å arrangere eit barmarks OL!!

Alle barna fekk på seg startnummer, og så var vi klar for litt forskjellige OL-øvingar; Vi hadde aking i sklia, slalom i akebakken, hopp frå stein, skyting med ball på blink og ikkje minst stafett. Og heile tida hadde vi ein stor og aktiv heiajeng! På biletet til venstre ser vi første deltakar i slalom gjennom kjeplene i bakken.



Hoppkonkurransen føregjekk frå ein av steinane i sandkassa.

Skyttarstadion var i skogen. Her skaut vi ballar på blink, og det var om å gjere å treffe gjennom hola. Her vart det ein skikkelg fulltreffar!!



I stafetten skulle vi hente vatn frå ei bøtte, og springe tilbake for å fylle det i ei anna bøtte. Det var om å gjere å fylle si eiga bøtte først. Ikkje heilt lett utan å søle ut vatnet på vegen...



Og til slutt var det sjølvstøtt medaljeseremoni, slik alle OL har. ☺

